

3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultata av vassprøvene går fram av tabell 1 under.

TABELL 1. Vassprøver, analyseresultat.

VATN	pH	El.led. µS/cm	Alkalitet mmol/l	Kalsium mg Ca/l	Aluminium µg Al/l	Farge uv
Råssvatn	5,22	24,9	0,04	0,54	62	35
Giljastølv.	4,98	22,3	0,03	0,42	69	10
Stølsvatn	4,94	19,4	<0,06	0,29	44	15
Fodnastølv.	4,96	19,6	0,02	0,32	58	5
Valevatn	5,03	23,6	0,02	0,39	72	5
Lauvvatn	4,94	26,6	<0,06	0,41	64	15
Brekkestølv.	4,86	25,3	<0,02	0,39	88	45

pH-verdiane låg mellom 4,86, Brekkestølsvatn og 5,22 i Råssvatn. I vatna i Frafjordvassdraget låg pH-verdiane mellom 4,94 og 5,03. Alle vatna er sure og aluminiumsinnhaldet er høgt. Fjellgrunnen i dette området har låg bufferkapasitet mot forsuring og vasskvaliteten ligg nær den nedre grensa for det auren kan tole med omsyn til rekruttering.

Mageprøver.

Resultatet av mageprøveanalysene er sett opp i tabell 2 på neste side.

TABELL 2. Næringsval i volumprosent.

NÆRINGSDYR	Fjærmygglarver	Fjærmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vassnymfelarver	Vassteiger	Vasskalvlarver	Vasskalv, imago	Luftinsekt	Bythotrephes long.	Gelekreps	Linsekreps	Antal prøver
VATN													
Råssavatn			8		5	20	45	5	18				8
Giljastølsv.	4	4	11						36	31	13	1	15
Stølsvatn	7	23	33	4					16	9	4	4	15
Fodnastølsv.	5	13	17						36	7	20	1	15
Valevatn	15	15						1	61	8			15
Lauvvatn	49	7	1						20	23			15
Brøkkestølsv.	4		76			20							5

Larver og pupper av fjærmygg og vårflugelarver var viktige innslag i næringa i dei fleste vatna, det same var tilfelle for insekt fanga på overflata og fleire artar av planktoniske krepssdyr.

Dei einskilde vatn.

Råssavatn, 454 m o.h., areal = 14 ha.

Vatnet ligg ca. 15 min.'s gange frå bilveg. Omgivnadene er slake bjørkeskogslir og her er bygt fleire hytter. Nedslagsfeltet er lite og gjennomstrøyminga dermed låg. Grunnområda dominerer og tilhøva for utøving av fiske er fine. Gytetilhøva er svært sparsame, berre på einskilde små flekker i utlaupselva finst det høveleg gytesubstrat.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 1 "fleire-omfars" garn gav 9 aurar. Kvaliteten på fisken var uvanleg flott, gjennomsnittleg

Fodnastølsvatn, 476 m o.h., areal= 38 ha.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie gav 74 aurar. Gjennomsnittleg k-faktor var 0,95 og største fisk 27,5 cm og 194 gram. Kvaliteten var jamnt fin, til dels flott. Veksten var om lag som i Stølsvatn, men fisken noko større.

Gytetilhøva er gode i innlaupselvane på austsida. Aurebestanden er også her noko tett og her bør fiskast meir med 22-24 omfars garn.

Valevatn, 498 m o.h., areal= 90 ha.


På 1 Jensen-serie vart det her fanga 69 aurar, gjennomsnittleg k-faktor var 0,91 og største fisk 29,3 cm og 236 gram. Både kvalitet, storleik og vekst var om lag som i Fodnastølsvatn.

Gytetilhøva synest sparsame, men er tydeleg tilstrekkelege for å oppretthalde den noko tette bestanden. Som i Fodnastølsvatn kan her fiskast meir med garn.

LENGDE

- 12 -

CM



FODNASTØLSVATN: Vekstkurve og lengdefordeling.

% AV TOTAL

